

Ansvarsboda:

5. Bod:

Du skal ikkje slå i hel.
VERN OM LIVET

tru

6. Bod:

Du skal ikkje bryte
ekteskapet.
VER TRUFEST

7. Bod:

Du skal ikkje stele.
DEL GJERNE

8. Bod:

Du skal ikkje lyge.
SNAKK SANT

9. Bod:

Du skal ikkje trå etter eige-
domen åt nesten din.
UNNGÅ MISUNNING

10. Bod:

Du skal ikkje trå etter ekte-
fellen åt nesten din eller
arbeidsfolka hans.
TAKK GUD FOR ALT DU
HAR FÅTT

håp

kjærleik



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



KUL (kyrkjeleg undervisning og læring)

8 ÅR - HAUST 2025

"Guds gaver - vår glede og vårt ansvar"
Hareid Kyrkjelyd



Velkomen til å ta del i KUL samlingar for 8 åringane

Ved hjelp av song og leik, drama og forteljingar frå Bibelen lærer vi om Skaparen og det skapte og korleis vi på ein god måte kan ta vare på skaparverket og kvarandre. Vi avsluttar det heile med å lage til

HAUSTTAKKEFEST - søndag 28. sept.

Brandal

Tirsdag 16.sept. kl. 14.00-15.30 på friskulen
Tirsdag 23.sept. kl. 14.00- 15.30 på friskulen
Laurdag 27.sept. kl. 11.00 - 12.30 i kyrkja

Hareid

Onsdag 17.sept. kl. 12.15-13.45 Kyrkjelydshuset
Onsdag 24.sept. kl. 12.15-13.45 Kyrkjelydshuset
Laurdag 27.sept. kl. 11.00 - 12.30 i kyrkja

Hjørungavåg

Torsdag 18.sept. kl. 13.00-14.30 Hjørungav. bedehus
Torsdag 25.sept. kl. 13.00-14.30 Hjørungav. bedehus
Laurdag 27.sept. kl. 11.00 - 12.30 i kyrkja

Bigset

Fredag 19.sept. kl. 12.30- 14.00 Bigset bedehus
Fredag 26.sept. kl. 12.30 - 14.00 Bigset bedehus
Laurdag 27.sept. kl. 11.00 - 12.30 i kyrkja

Borna blir henta på skulen rett etter siste time, og vi går tilbake til skulen med dei som skal på SFO.

Kva skal vi gjere

1. samling:

Vi samtaler og undrast over alt det Gud har skapt, fargelegg og klipper ut ulike figurar og lærer to songar. Vi lager eit puzzlespel og dramatiserer likninga om den bortkomne sau.

2. samling:

Vi høyrer/dramatiserer forteljinga om då Moses fekk dei 10 boda og snakkar om/dramatiserer ansvarsboda. Vi har ein leik/konkuranse der vi finn på ting å takke for, frå A - Å, og repeterer songane vi lærte sist.

3. samling:

Vi lager til bønelapper, repeterer det vi har lært, øver på det vi skal gjere i gudstenesta. Vi takkar for det vi har fått og tenkjer på kva vi kan dele og kven vi kan dele med.

4. samling:

Gudsteneste i kyrkja kl.11.00, møt seinast kl.10.40

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende samlinga så ta kontakt. Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74 e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no



Påmelding - KUL 8 år

For å gjere det litt enklare for oss å planlegge ber vi om ei tilbakemelding. Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 92 09 01 74. Viktig med påmelding innan 12.sept. så vi kan legge godt til rette.

- ☐ Som foresett vil eg at
- ☐ Som foresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.
- Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift foresatt